



Osterøy kommune
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 5557 2155

Uttale - Osterøy - gbnr. 14/345 - Hatland - oppføring av tilbygg til rekkehus - dispensasjon

Vi viser til brev frå Osterøy kommune av 16.12.2022. Saka gjeld uttale til søknad om dispensasjon for oppføring av tilbygg til rekkehus på gbnr. 14 /345.

Det er søkt om dispensasjon for oppføring av hybel på om lag 30 m² i tilknytning til eksisterande rekkehusleilegheit. Søknaden er grunngjeve med at tiltakshavar har behov for eit større areal til familien, og ynskjer derfor å bygge eit mindre tilbygg til rekkehusleilegheita i form av ein liten hybel.

Tiltaket vil liggje i gul støysone frå veg. I utgangspunktet bør det ikkje opnast for nytt støyfølsamt bruksformål i støyutsette område. Kommunen må difor vurdere støy i dispensasjonsvurderinga og leggje til grunn retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2021) i saka. Krav til støyforhold innandørs og på uteoppfallsareal finnes i byggt teknisk forskrift (Tek17).

Vi minner elles om at kommunen skal leggje nasjonale interesser til grunn for sine vedtak, jf. plan og bygningslova § 19-2. Vi minner òg om at det skal gjerast ei grundig vurdering både av kva grad omsyna bak arealdisponeringa i kommuneplan og reguleringsplan eventuelt vert skadelidande, og at fordelane med å gje dispensasjon må vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen må i saksutgreiinga synleggjere vurderinga av desse to vilkåra, som begge må vere innfridde for at det skal kunna gjevast dispensasjon.

Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering

Med helsing

Frida Halland
seniorrådgjevar

Fredrik Arnesen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent